

Arkiv	Saksbehandlar	Møtedato	Sak nr.
613.1	Knut Øyjordet	11.12.20	41/20

OPPLEGGET FOR SMÅVILTJAKTA

Saksdokument:

1. Sak 20/15 i fjellstyret.
2. Jaktkortstatistikk og statistikk over felt småvilt.

Saksutgreiing:

Opplegget for småviltjakta vart revidert sist gong i 2015. Da fatta fjellstyret følgande vedtak i sak 20/15 etter først å ha sendt eit forslag på høyring til kommunen og Vågå JFF:

Fjellstyret vedtek følgjande opplegg for småviltjakta i Langmorkje statsallmenning frå 2015 og inntil vidare:

1. *Jakttid og sal av jaktkort for innan- og utanbygdsbuande utan hund blir som tidlegare, dvs. fritt kortsal og med jakttid 15.09 – ut februar. For innanbygds med fuglehund blir jakttid og fritt kortsal også som tidlegare, dvs. i tida 15.09 – 23.12.*
2. *For innanbygds med harehund, blir det fritt kortsal i tida 01.10 – ut februar som tidlegare. Det blir opna for fritt kortsal også i tida 15.09 – 24.09.*
3. *Tildeling av jaktkort til utanbygds med fuglehund blir vidareført som i dag, med søknad og loddtrekking for 35 kort i tida 15.09 – 19.09 og 35 kort i tida 20.09 – 24.09 fordelt på tre jaktfelt, med ei rullering blant dei tre jaktelta, og med ei treårsordning. For at det skal bli omtrent like mange kort i dei tre jaktelta, blir grensa mellom felt A og felt B endra ved at elvane Veo og Sjoa blir ny grense.*
4. *For å gje utanbygds med fuglehund eit tilbod, er fjellstyret innstilt på opne for eit avgrensa kortsal for jakt med fuglehund for utanbygds seinare på hausten, t.d. eit visst antal dagskort i oktober og som blir lagt ut for sal på Inatur. Eit slikt tilbod blir eventuelt opna for med grunnlag i kunnskap om årets produksjon. Vedtak om å opne for eit slikt tilbod og omfang både i tid og antal kort blir delegert til fjellstyreleder og dagleg leder.*
5. *Tildeling av jaktkort til utanbygds med harehund skjer som i dag etter søknad og loddtrekking for maksimalt 25 kort i tida 11.10 – 17.10, og med fritt kortsal i tida 18.10 – 23.12.*
6. *Fjellstyret vil vidareføre bruk av dagskvoter for jakt på rype når bestandsforholda tilseier det. Det kan setjast ulik kvote for lirype og fjellrype, og ulik kvote gjennom sesongen, t.d. ei lågare kvote for vinterjakt. Fastsetting av kvote blir delegert til fjellstyreleder og dagleg leder.*
7. *For jakt på andre artar enn rype, skogsfugl og hare, kan det bli jakta på dei artene som det i forskrift frå Miljødirektoratet er gjeve løyve til å jakte på. For alle desse artene er tidlegaste jaktstart den 15. september, med unntak av jakt og fangst på dei artane som det er opna jakt på gjennom ordninga for smårviltsjakt i Vågå.*
8. *Snarefangst av rype er ikkje lov, slik det har vore i mange år.*

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	61 29 37 37	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no

9. For om mogleg å få betre rapportering av jakta, blir bruk av depositum vidareført for innanbygds som løyser sesongkort, og med eit tilgodelappssystem. Depositumet blir heva frå kr. 150,- til kr. 200,-.

For jakt utan hund har det i mange år vore fritt kortsal for innan- og utanbygds i tida 15.09 – ut februar, og for innanbygds med fuglehund i tida 15.09 – 23.12. For utanbygds med fuglehund vart det frå 2004 endra til å omfatte 35 kort i tida 15.09 – 19.09 og 35 jaktkort i tida 20.09 – 24.09, fordelt på tre felt som tidlegare. For jakt med harehund er det fritt kortsal for innanbygds i tida 15.09 – 24.09 og 01.10 – ut februar, og for utanbygds er det tildelt 25 kort i tida 11.10 – 17.10, og fritt kortsal i perioden 18.10 – 23.12.

Etterspørselet etter jakt med fuglehund er stor blant utanbygds, og det er kvart år langt fleire søknader enn det er kort til. Blant utanbygds med harehund er etterspørselet mindre, men normalt blir alle dei 25 korta tildelt for den første veka. Ved tildeling av jaktkort til utanbygds med fuglehund og harehund har fjellstyret vedteke ei treårsordning, dvs. at dei som blir trekt ut og takkar ja, får tilbod om jakt dei to påfølgjande åra.

Det blir vist til statistikkar når det gjeld omfanget av kortsal generelt, fangststatistikk m.m. Tala for kortsal følger kalenderåret, og ikkje jaktåret. Kortsal har halde seg nokså stabilt over mange år, spesielt for innanbygds med hund. For innanbygds utan hund har det vore ein nedgang siste to åra. Talet på selde kort til utanbygds utan hund har auka betrakteleg siste tre åra, så langt i år er det seld 1.682 kort (blir neppe seld mange fleire kort nå rett før jul). Dette er dobbelt så mange kort som for ca. ti år sidan. Det er flest døgn- og 3-døgnskort, i år utgjer desse 86,5 % av totalt selde kort for utanbygds utan hund. Gjennomgang av kortsal på Inatur, viser at dei aller fleste jaktar tidleg på hausten, spesielt dei 14 første dagane. Ca. 60 % av alle 1-døgns- og 3-døgnskort blir løyst for denne perioden, og nesten alle vekes- og sesongkort blir kjøpt i løpet av dei første 14 dagane. Berekingar vi har gjort viser at i haust så var det ca. 820 jegerar utan hund i løpet av dei første 14 dagane, i fjor var talet ca. 680. I tillegg kjem innanbygds utan hund og innan- og utanbygds med hund.

Det er størst omfang av jakt på rype. Blant dei som jaktar utan hund viser jaktstatistikken at blir det felt flest fjellryper. Vurdering av rypebestandane skjer før jakta med grunnlag i m.a. takseringar, bruk av treningsfeltet og jaktprøver. Under jakta er opplysningar frå jegerane det viktigaste grunnlaget. All historikk viser at rypebestandane svingar, avhengig av mange faktorar, og svingingar i bestandane opplever vi i Langmorkje som i andre område. I «nyare» tid var det først- og midt på 2000-talet generelt god produksjon av rype i Langmorkje. I 2009 var det ein «uforklarleg» svikt i produksjonen, både av lirype og fjellrype. Bestandane har tatt seg opp att, og dei siste åra har vore middels bra år, men som alltid med lokale variasjonar, spesielt for lirypa.

Lirypa vart i 2015 innlemma i «Den norske rødlista», og kategorisert som «nær truet». Dette har vore svært omdiskutert, og særleg nå når bestandsutviklinga viser vekst i store delar av landet. «Rødlista» skal reviderast i 2021, og Norges Jeger- og Fiskerforbund meiner at status av lirypa i Rødlista nå må revurderast. Vår forvaltning av ei jaktbar art som lirypa, som ikkje «trekkjer» over store område, vil uansett måtte skje med grunnlag i lokale forhold og bestandsstorleik til kvar tid.

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	61 29 37 37	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no

Vurdering:

Generelt har småviltjaktopplegget ”gått seg til” over mange år, og det skulle ikke vera nokon grunn til store endringar. I Langmorkje er det store snaufjellsområde og generelt gode rypebiotopar, og som eignar seg for jakt på lirype og fjellrype. Ein del av terrenget ligg langt frå bilveg og pga. avstandane blir jaktpresset lite i dei «perifere» områda. Tidleg i jakta er det mange rypejegerar, og som nemnd ovanfor har antalet auka vesentleg. Det er plass til mange, men fjellstyret bør nå å vurdere å regulere antal utanbygds jegerar utan hund. På helgedagar dei to fyrste vekene, når været er fint, kan nok jaktutøvinga i enkelte lett tilgjengeleg område karakteriserast som ”køgåing”. Inntrykket er likevel at dei aller fleste jegerane aksepterer at det er ein del andre jegere i same terrengr. Men med mange jegere, så vil også jakttrykket bli høgare. Det er også store skogsområde i Langmorkje, både barskog og lauvskog, med attraktive terrengr for jakt på skogsfugl (storfugl og orrfugl) og hare.

Årsaka til auken i talet på utanbygds jegerar utan hund er nok fleire. På statsallmenning i Gudbrandsdalsområdet og i Valdres, som nærmaste «grannar» er det nå blant fjellstyra berre Vågå og Finndalen som har fritt kortsal for utanbygds utan hund fyrste del av jakta. Alle dei andre har innført reguleringar, med eit visst antal kort, som varierer både i antal og tid. Og med stor interesse, vil det bli mange som ikkje får tilbod om jakt. Når andre fjellstyre har regulert talet på jegerar, så har vi nok fått «nye» jegerar som til vanleg har jakta i andre statsallmenningar. I tillegg til at Langmorkje ei stor statsallmenning med gode, fine og mykje lett tilgjengeleg rypejaktterrengr, er det gode moglegeheter for overnatting. Det er mange «kameratgjengar» og andre med tilknyting til Vågå som kjem att år etter år for å jakte tidleg i jakta når haustfargane er på topp, og vær- og føreholda normalt er best for jakt. Det vil heilt sikkert bli ei stor skuffels blant desse dersom fjellstyret innfører reguleringar i talet på jegerar utan hund tidleg i jakta.

Reglar for reguleringar av jakta står i fjellova kapittel XI. I § 23 3. ledd står det følgjande:
*Fjellstyret kan avgrense talet på vilt av ulike slag som nokon kan felle eller fange, og
innskrenke tida, måten og området for jakta og fangsten. Fjellstyret kan også avgrense talet på
dei som kan få høve til å drive fangst av småvilt, på dei som kan få høve til å drive jakt utan
hund på småvilt og på dei som kan få løyve til å drive jakt med hund på slikt vilt. Ved
eventuell avgrensing av talet på dei som kan få høve til slik jakt som nemnt i fyrste stykket, må
fjellstyret sjå til at det vert rimeleg balanse mellom innan- og utanbygdsbuande.*

Og i 4. ledd står det:

*Før fjellstyret gjer noko vedtak etter andre og tredje stykket, skal kommunen uttale seg. Er det
usemje mellom fjellstyret og kommunen, må fjellstyrevedtaket leggjast fram for departementet
som tek avgjerd i saka.*

Dette med «rimeleg balanse» mellom innan- og utanbygds er sjølv sagt avhengig av kor mange jaktkort det blir opna for til utanbygds i regulert periode. Sidan det er såpass få innanbygds som løysar sesongkort for jakt utan hund (33 stk. både dette året og i fjar), så bør det fortsatt vera fritt kortsal for innanbygds frå jaktstart den 15. september utan at det skapar «ubalanse» i tilboden mellom innan- og utanbygds. Så er spørsmålet kor mange kort det skal stillast til disposisjon for utanbygds, og kor lenge regulert periode skal vere? For utanbygds jegerar med fuglehund er det 5-dagarskort over to periodar. Det er naturleg å nytte 5-dagarskort også for jegerar utan hund. Lom fjellstyre vedtok regulering av talet på utanbygds utan hund fyrst i jakta frå 2010, og nyttar nå tre 5 dagars-periodar, dvs. den regulerte perioden

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	61 29 37 37	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no

er 15 dagar, med 50 kort i kvar periode utan feltinndeling. Etter regulert periode er det fritt kortsal frå 30. september til ut februar. Same ordninga kan vi prøve for Langmorkje, men talet på kort kan nok vera høgare enn i Lom dersom ein skal ta sikte på å minst halvere talet på jegerar utan hund dei fyrste 15 dagane. I Lom var talet på jegerar før regulering langt mindre enn hjå oss. Elles kan jegerane fordelast på jaktfelt, men etter regelverket må i så fall innanbygds også da bli fordelt på felt, noko som må vera heilt utelukka.

Reint praktisk bør ein nok leggje opp til eit opplegg med søknad og loddtrekning, og årleg tildeling. Alternativet er å leggje ut korta på Inatur og med «fyrstemann til mølla»-opplegg. Det er mange fjellstyre som har erfaring med sal av kort i regulert periode, og som kan gje «gode råd». Noko meir arbeid administrativt blir det uansett, men det blir også nokre innsparingar, m.a. mindre sal av kort gjennom Inatur og dermed lågare provisjonskostnader. Endeleg opplegg for sal av kort i regulert periode får vi ta stilling til seinare.

Ved å regulere talet på utanbygds utan hund i fyrste del av jakta, så vil inntektene av kortsal for denne jegergruppa gå ned. Men kor stort dette blir er avhengig av antal kort i regulert periode, og prisen pr. kort, både i regulert periode og for det frie kortsalet etter den regulerte perioden.

Når det gjeld jakttid, så bør jaktstart og jaktslutt vera som tidlegare. Dei fleste fjellstyra i distriktet har jaktstart den 15. september. Tid for jaktslutt varierer, det er på langt nær alle som har opna for «vinterjakt», dvs. i januar og februar. Dette er nok meir basert på tradisjon rundt omkring enn omsynet til rypebestanden. Jakt/fangst- og jaktkortstatistikken viser at omfanget av vinterjakt ikkje er stort, og at utbyttet er lite fordi vinterjakta er vanskelegare, ofte pga. vær- og føreforhold, og at rypa normalt er meir sky om vinteren. Samtidig veit vi at moglegheten for ein jakttur etter rypa om vinteren betyr mykje for enkelte, spesielt for innanbygds. Og når omfanget totalt sett er liten og felling er låg, så bør dette tilbodet halde fram. Forvaltninga vil uansett vera kunnskapsbasert til kvar tid, og i år med dårleg produksjon og eventuelt lågare bestand enn berekna før jaktstart, så er det berre å ta «grep» underveis og t.d. fastsetje ei lågare dagskvote seinare i sesongen, eller rett og slett frede for vinterjakt det året.

Med bakgrunn i bestandssituasjonen for lirype, har det dei tre siste sesongane vorte opna for jakt med fuglehund for utanbygds i oktober, med eit visst antal dagskort fordelt på dei tre felt, og med sal på Inatur. Dette ekstra tilbodet set denne jegergruppa stor pris på. I 2018 vart det sold 142 kort (av totalt 390 tilgjengelege kort), i 2019 98 kort (av 240) og i haust 208 kort (av 315). Fellingsrapportane viser liten felling, dvs. 0,5 ryper pr. jeger pr. dag i 2018 og 0,3 ryper pr. dag i 2019. Som jaktstatistikken viser opp gjennom åra vurdert opp mot dei årlege bestandane, så er det i alle fall ikkje bestandssituasjonen som er årsak til låg felling.

Fjellstyret innførte bruk av dagskvote for rypejakt frå 2012. Dette er eit tiltak som er vanleg i dag og er akseptert i jegermiljøet, noko som også svara fra fjellstyret si spørjeundersøkinga i 2013 viste (blant jegerar som løyste sesongkort i Langmorkje i 2011/12 og i 2012/13). Bruk av kvoter på rype er elles eit vanleg verkemiddel i dag for å dempe beskatningstrykket. Fjellstyret har tidlegare vedteke å prioritere bruk av kvote framfor andre reguleringar, og har lagt vekt på si forvaltning at flest mogleg skal få tilgang til jakt gjennom heile sesongen. Jaktrapportar viser at jegerane skyt få fuglar sjølv i gode produksjonsår, også før det vart innført kvoter. Naturopplevinga er nok viktigare enn hausting av vilt. Såleis har nok bruk av

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	61 29 37 37	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no

kvote ikkje den store betydninga for neste år rypeproduksjon. Men det gjev eit klart signal og er haldningsskapande, og som kan resultere i mindre jakttrykk m.a. blant dei som løyser sesongkort i år med därlegare kyllingproduksjon. Jaktrapportane og talet på selde kort underbyggjer dette.

Jaktrapport er eit elles viktig hjelpemiddel i forvaltninga av småviltet, men innleveringsprosenten har vore så som så for enkelte jegergrupper. For om mogleg å få inn fleire jaktrapportar frå innanbygds, vart det frå 1998 lagt på kortprisen eit depositum på kr. 150,- til dei som løyste sesongkort, og med eit tilgodelappsystem til dei som leverer rapport. Beløpet vart auka til kr. 200,- i 2015. For jaktsesongen 2019/20 var innleveringa ca. 70 % for innanbygds både med og utan hund. Pga. tilgodelappsystemet har sal av jaktkort til innanbygds skjedd ved kortsal «over disk», og ikkje på Inatur. Tida er inne for å vurdere om innanbygds også kan løyse kort på Inatur. Da blir det enklare å purre på jaktrapportar, og det kan bli aktuelt å droppe bruken av depositum. Dette er praktiske løysingar som vi må sjå på og ta stilling til før neste jaktsesong.

For småviltjakta i Nordherad statsallmenning, skjer dette i eit samarbeid med Nordherad grunneigarlag og Nordherad bygdeallmenning, gjennom Nordherad ”fellesområde”, og med ei eiga kortordning. Det skulle ikkje vera nødvendig med endringar i småviltjaktopplegget her.

Innstilling til vedtak:

For småviltjaktopplegget i Langmorkje statsallmenning meiner fjellstyret generelt at det må leggjast til rette for eit variert og godt tilbod om småviltjakt, både når det gjeld tilbod om kort og jakttid på dei ulike artane. Sidan det for enkelte artar kan vera store årlege variasjonar i produksjonen og dermed bestandsstorleik, slik som lirype og fjellrype, er det viktig for fjellstyret med ei kunnskapsbasert forvaltning basert på fakta om bestandsstorleik i området til kvar tid, og eventuelt innføre ekstra reguleringar i år med låg produksjon.

Fjellstyret foreslår følgjande opplegg for småviltjakta i Langmorkje statsallmenning frå 2021 og inntil vidare:

1. Jakttid og korttypar for innanbygds jegerar med og utan hund blir som tidlegare, dvs. fritt kortsal og med jakttid 15.09 – ut februar for dei utan hund og 15.09 – 23.12 for dei med hund.
2. For innanbygds med harehund, blir det vidareført det frie kortsalalet i tida 15.09 – 24.09 og i tida 01.10 – ut februar.
3. Med bakgrunn i auke av talet på utanbygds jegerar utan hund over tid og spesielt dei siste tre åra, blir det innført ei regulering av antal jegerar dei fyrste 15 dagane fordelt på tre 5-dagarsperiodar, dvs. 100 kort i tida 15.09 – 19.09, 100 kort i tida 20.09 – 24.09 og 100 kort i tida 25.09 – 29.09. Dette for å redusere jakttrykket i starten og få fordelt jegerane meir over tid. Frå 30.09 og ut februar blir det fritt kortsal.
4. Tilboden om jaktkort til utanbygds med fuglehund blir vidareført som i dag, med 35 kort i tida 15.09 – 19.09 og 35 kort i tida 20.09 – 24.09 fordelt på tre jaktfelt.
5. For å gje utanbygds med fuglehund eit ekstra tilbod, kan det med grunnlag i kunnskap om årets produksjon bli opna for eit avgrensa dagskortsal seinare på hausten, slik det har vore praktisert dei seinare åra.
6. Tildeling av jaktkort til utanbygds med harehund blir vidareført som i dag med 25 kort i tida 11.10 – 17.10, og med fritt kortsal i tida 18.10 – 23.12.

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	61 29 37 37	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no

7. Fjellstyret vil vidareføre bruk av dagskvoter for jakt på rype. Det kan setjast ulik kvote for lirype og fjellrype, og ulik kvote gjennom sesongen, t.d. ei lågare kvote for vinterjakt. Det kan også i enkelte år bli aktuelt å vedta sesongkvote/periodekvote.
8. For jakt på andre artar enn rype, skogsfugl og hare, kan det bli jakta på dei artene som det i forskrift frå Miljødirektoratet er gjeve løyve til å jakte på. For alle desse artene er tidlegaste jaktstart den 15. september, med unntak av jakt og fangst på dei artane som det er opna jakt på gjennom ordninga for smårovviltjakt i Vågå.
9. Snarefangst av rype er ikkje lov.
10. Fjellstyret vil frå neste sesong vurdere å kutte ut bruk av depositum i samband med jaktrapportering blant innanbygds. Dette er m.a. avhengig av om det blir opna for at innanbygds også kan løyse kort på Inatur.

Før endeleg vedtak blir forslaget forvarsla på heimesida til fjellstyret, og sendt på høyring til kommunen og til Vågå JFF.

Vedtak:

Samrøystes som innstillinga, men med denne endringa av punkt 3:

Med bakgrunn i auke av talet på utanbygds jegerar utan hund over tid og spesielt dei siste tre åra, blir det innført ei regulering av antal jegerar dei fyrtre 15 dagane fordelt på tre 5-dagarsperiodar, dvs. 125 kort i tida 15.09 – 19.09, 125 kort i tida 20.09 – 24.09 og 125 kort i tida 25.09 – 29.09. Dette for å redusere jakttrykket i starten og få fordelt jegerane meir over tid. Frå 30.09 og ut februar blir det fritt kortsal.

Rett utskrift. Går til:

Vågå kommune

Vågå JFF v/Bjørn Andre Lusæter

Vågåmo, 11.12.20

Knut Øyjordet (e.f)

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	61 29 37 37	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no